

Hårpinne

Ein treng ikkje å betale for å skaffe seg nytt hårpynt. Det kan du enkelt lage sjølv, ved hjelp av ein kniv ein pinne. Til dekor kan du bruke furubork for å lage kolrosing, eller så kan du ha litt maling på.

Tekst og foto: Magnhild Runde, Husflidskonsulent i Sogn og Fjordane

Dette trenger du:

- Pinne frå lauvtre, ca 1,5 cm diameter
- Skarp spikkekniv

Slik gjør du:

Sag av ein pinne som er ca 20 cm lang. Det er betre å ha den litt for lang når du spikker, og så kan du heller sage av når du er ferdig å spikke.

Spikk først pinnen slik at den vert kvadratisk, då er det lettare å få den heilt bein og rund til slutt.

Spikk den smalare på den eine sida, men fortsett med den kvadratiske forma. Når du nærmar deg den tjukkelsen du vil ha, så kan du spikke av hjørnene, slik at den vert åttekanta. Spikk deretter av hjørnene igjen, og igjen. Pinnen vil då bli rund.

På den breiaste delen kan du dekorere slik du vil. Om du vil ha kolrosing på, kan det vere lurt at den er flat.

La pinnen tørke til dagen etter, og reinspikk, slik at det ikkje stikker ut nokon fliser. No er hårpinnen klar til å dekorerast med maling eller kolrosing.



Trinn for trinn



Sag eller kutt av nokre pinnar, 15-20 cm lange.



Start først med å forme pinnen til eit kvadrat.



Form pinnen smalare i den eine enden, og tenk gjennom korleis du vil toppen skal sjå ut.



Når hårpinnen er tørka, kan du finspicke overflata og dekorere med kolrosing eller maling.

